Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Torvastad

Emne: Fødslen Bygdelag: Karmsund

Oppskr. av: Knut Slange Gard: Slange

(adresse): Nordbø på Karmøy G.nr. 4 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. So lenge ein kann minnast har det vore skikk å gå med mat til barselkoner.
2. Einkeltvis
3. Nei, kvar kom med det dei tykte dei hadde råd til.
4. 4-5 dagar etterpå. Fyrr låg ei barselkona kring 12 dagar
5. Berre ein gong
6. Kring hundraårskiftet var det jamnast graut, Smørgraut eller risengraut, seinare vart det mykje lettare middagsmat: fiskeballer eller frikassé av kalv eller lamb, og so saftsuppa med sagogryn, svisker og rosiner, eller sviskegraut
7. Ein gjekk berre ein gong.
8. Suppeterrin eller fat
9. Sengmat
10. Helst kona sjølv
11. Mannen var aldri med.
12. Dei fekk kaffi og brødmat.
Det var ingen skilnad om barnet var gut eller gjenta
13. Dei hadde ikkje noko serskilt namn.

8510 17.

14. Det var og er vanleg at dei som kjem med sengmat får traktering, men i dei seinare år er det og vorte skikk at dei held eit lite selskap ein kveld etter barnedåpen for dei som har gjeve sengmat. Me kallar det gjerne etterpåselskap.
15. Det har ikkje vore aktuelt.
16. Under og etter fyrste verdenskrig tok ein meir til med å gi kaker, blomar, eller ein eller annan kjøpeting til mori: t.d. kakefat, skålar e.l. No er det oftast at ein gir barnet eitkvart: t.d. jakker, kjolar o.a.
17. Nei
18. Sjå 16
19. Ja, fadderne og dei næraste skyldfolk på båe sider.
20. Barnedåp
21. Nei. Maten var og er ettersom ein har råd og hug til.
22. Ingen særskild sending, men fadderne gav oftast eit større gåve – oftast penger – enn dei andre.
23. Som det har vore fyrr.

B. Fødselsdagar.

24. a. Nei. b: Nei.

25. Helst berre ved runde tal.
I gamle dagar – for 40-50 år sidan – høgtida berre prest, lensmann eller læraren. Joro

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3 II.

25. dagen. Då vert nærast skyldfolk, venner og embetsbrør bedne, og ~~[illegible]~~ vedkomande fekk då ofte ei gåva av kommunen.

26. Ikkje bed ein skyldfolk og venner, andre tek mot alle som vil koma.

27. I dei seinare år gir ein oftast ei gåve ved runde tal, og til born. Men elles gjer ein berre der ein vert bedne.

28. Nei

29. Ein har den mat ein sjølv vil. Er det eit barn som har årsmålsdag, vert det helst sjokolade og kaka med ljos.

C. Konfirmasjon.

30. Vermor mi vart konfirmert i 1887. Dei hadde ingen gjester. Til middag fekk dei fårikål, og av presangar fekk ho ei brystnål av eldste bror sin. Ho fortel at ho laut kara, spinna og spota undertyet til konfirmasjonen sjølv. Kjolen var og av heimevove ty.

Eg vart konfirmert i 1897. Me hadde ikkje andre gjester til middag enn mormor, 2 morsystrer og 2 morbrør. Til middag fekk me kjøt, -fersk- og supa. Etter middagen tok ramnfolki seg ein kvil, og so fekk me ettermiddagskaffi med hjortetak, lefse og bollar til.

Kl. 5 var det nons: Kaffi, lefse og jødekaka med grannekaker.

Om kvelden hadde me kveitegraut i tvo fat. Alle åt rett av fatet. Ein granne, kona og dotter hans var gjester om kvelden.

8510
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Av gåvor fekk eg ein bibel av mormor og av mostrene fekk eg 2 mansjettknappar og 2 kragaknappar av sylv og ei slipsnål av gull. So fekk eg ein album og 2 lekkhus av dei andre. Og det var mykje gåvor i den tid.

31. Ja. Krig 1914-15 tok dei til med større lag, og no er eit konfirmasjonsselskap som eit lite bruslaup.

32. Skyldfolk, vener, gjerne og jent og lærar, so mange som ein har plass til og vel so det.

33. Nei, ein har aldri brukt sending.

34. Alle som vert bedne gir gåvor, og alle ~~naboar~~ grannar og vener gir og.

35. Nei. Til middag er det oftast ein liten fiskerett fyrst, so steik med grønsaker og tilslutt desert.

Kakene er fløytekaker, mokka-marsipankaker, og elles kaker av alle slag.

D. Bruslaup

36. Ja. Den dagen bruslaupet vert lyst er oftast ditni og dei aller nærmaste på båe sidor samla til eit einfeldt lag i heimen til bruri.

37. Slik var det før, og slik er det no og. Veimor fortel at då hennar bruslaup vart lyst - i 1900 - fekk dei kveldsmat: ølost med brødmat til.

38. Langveisfarande gjester kom oftast bruslaupsaftans, og då fekk dei gjerne salt kjøtsodd til kvelds.

Bruslaupsdagen var det fyrst frukost: kaffi og brødmat til dei som hadde yvernatta. I 11 tidi var det so frukost for alle



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

38. gjestene. Det var fleire slag skjevemat, kotelkaker med pannekaker, lefsa og krålakaka. Til drikke brukte dei sjokolade.

Etter at dei hadde vore i kyrkja var det middag. Fyrst var det ein fiskerett, so steik og grønsaker, og tilslutt dessert. Dersom dei hadde drikkevarer stod desse og glas på eit lite bord for seg sjølv, og so kunde dei som vilde gå og forsyna seg sjølv.

I mi-li-tidi var det kaffi med boller julebrød og systerkaka. Ein og annan hadde og kransekaka.

Systerkaka er sukkerbrød steikt i serlige former, og sett opp og pynta på same vis som kransekaka.

Til kvelds var det the, sumetider ølost, med skjevemat, kotelkake med pannekaker, lefsa og krålakaka. Til pålegg fekk dei oppskore etter middagen, mysost og ausjos.

2. dag. Frukosten var som fyrstedag. Til middag var det fersk kjøtsodd, eller kanhende fårikål.

Kaffimaten var som 1. ste dag.

Til kvelds fekk dei graut, antan fløytegraut eller risgraut, helst det siste.

Brudlaupet varde helst berre 2 dagar. Dei eldre gjekk oftast heim ei stund etter at dei hadde ete til kvelds, men ungdomen held på til morgons, og fyrr dei gjekk fekk

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

dei ofvarma kaffi og rester.

Varde eit brudlaupe i tri dagar fekk dei fyrst frukost som vanleg. Til middag var det saltsprengd kjøt og mjølkesuppa. Til slutt fekk dei kaffi og det som var att av kaffimaten.

Mormor mi vart gift 24 aug. 1848. Ho var einaste dotter, og far hennar, min oldefar, var etter si tid ein rik mann. Han reiste mykje til Bergen med sildelast. Tett fyre brudlaupet var han og ein tur. I altså har me ei gamal rekning frå den turen, og det kann høva at det han kjøpte skulde ~~brukast~~ nyttast i brudlaupet til dotteri. Avskrift av rekningi ligg ved.

Det var ikkje noko fast program for andre og tridjedag, heller ikkje serskild lag for hjelparane.

39. Det hende det var „fordlag" brudlaupsaftan, og då var det berre dei nærmaste på båe sidor.

Dei kom med smør, jolebrød eller sigelerkaka, alt ettersom dei hadde hug og råd til.

40. Smøret skulde vera forma i smørformer, og ~~denne~~ stå på ein stett av smør. Denne stetten skulde vera firkanta, og umlag heiluti so høg som sjølve forma. Me har sendt tvo slike former til Museet i Voss.



8519

# Avskrift.

## Nota
fra Andreas Heiberg.

1848

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Juli 7. | Av 16 w bedste kaffe . . | 13½ ß | 1 | 4 | – |
| | " 4½ — . — | " | | 2 | 13 |
| | " 4½ — . — | " | | 2 | 13 |
| | " 26 w caroline Riis | 10 ß | 2 | | 20 |
| | " 12 " conditor Hvedemel | 9 ß | | 4 | 12 |
| | " 8 w lyst Puddersukker | 9½ ß | | 3 | 4 |
| | " 6 w lyst Kandis | 16 ß | | 4 | " |
| | " 1 Top Raffinade | | | | |
| | " 11 5/8 w " | 15 ß | 1 | 2 | – |
| | " 3 Pde fine Byggryn | 1 ß | | 1 | 21 |
| | " 1 w Chocolade | | | 1 | 4 |
| | " 1 w Peber | | | | 16 |
| | " 1 w Allehaande | | | | 18 |
| | " 4 Lod Kanel | | | | 8 |
| | " 2 " Ingefer | | | | 8 |
| | " 1 w Anis | | | | 16 |
| | " ½ w Rosiner | | | | 6 |
| | " ¼ w Korinter | | | | 4 |
| | | Spd | 10 | | 2 |

Bergen den 7 Juli 1848

betalt
Andreas Heiberg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8510

IV

41 Nei

42. Sending

43. Dei tok sendingi med sjølve.

44. Sjå 39. Der vor ikkje noko namn.

45. Nei

46. Det var tvo av dei gjævaste koner i leggdi som stod for maten, og dei vart kalla „matmöer" (matmødre)

47. Nei, det er slutt for lenge sidan, fyre fyrste verdenskrig.

Eit brudlaup no varer berre ein dag. Med same ein gjekk yver til ein dags brudlaup, vor det vanleg at gjestene samlast i heimen til bruri fyre dei køyrde til kyrkje, og dei fekk tå frukost der. Den tid køyrde dei med hest og trille eller karjol, og vertsfolket sytte altid for at der vor køyredoninger nok. Det var vanleg at slike som hadde litt finare køyregreider vart bedne om å koma og køyra. Når dei so kom attende frå kyrkja fekk desse litt traktering som takk for arbeidet.

Men no i dei seinare år er det vanleg at gjestene samlast i kyrkja, og so bilar dei derifrå til brudlaupsgarden, der dei då får

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

middag fyrst – seinare er det kaffi, og ut på natti eingong kveldsmat.
Det er ingen regel om kva slags mat ein skal ha.

48. Ja, helst dersom ein har mange gjester og litera plass.

49. Ja.

50. Dei fleaste av skyldsfolket gir som regel brudlaupsgåva, og oftast gir gode vener og grannar og ein liten ting.

51. Det er ettersom ein sjølv vil, men regelen er at det fyrst er ved rundt bal.

E. Gravøl.

52. Skyldfolk, vener og grannar vart bedne, og ei eldre kona gjekk rundt å bea. Ho var svartkledd – helgakledd. Ein kunde ikkje bee under open himmel, ein laut alltid gå inn. Fyrst sette ho seg ei stund, so reis ho upp og sa fram helsingi frå skyldsfolket til den døde: „Eg skal helsa frå mann – kone – born – etter som det hører – og bee dykk koma å vera med i gravferdi den og den dag – på ingen lekostning."
Denne skikk nyttar me tildels enno,

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gravøl 52.

Skilnad mellom dei eldste.

53. Gravølet varde som regel berre ein dag. Men eg kan hugse at som liten var eg med mor og far i ei tvo dagars gravferd til grannebygdi etter ein rik bonde. Me kom derhit dagen fyre gravferdi, straks fyre middag. Vi var me der heile gravferdsdagen, og reiste fyrst heim dagen etter, etterat me hadde ete til morgons.
Som regel var det tri eller fire mål.

54. Gjestene fekk fyrst mat etterkvart som dei kom. Det var kaffi, smør, mysost og skjenemat; og då alle gjestene var komne fekk dei same slags mat ein gong til. Hadde dei fenge mange „terter" i sending, fekk ein det og attåt. Etterat ein hadde vore på kyrkjegarden, var det middag. Det var ferskt kjøtsodd. Seinare var det kaffi og kaker: Baller julebrød, korkakekkjærr, kanelstenger, systerkaker og terter. Seinar fløytekaker. Terter er sukkerbrød steikt i rund form, fyllt med syltetøy og pynta med melisglasur. Ein nytta langbord.

55. Nei

56. Middag.

57. Det vart alltid halde heime i dei eldste tider. Men det hende at dei laut ha fleire bordsetnader.

58. Sume tok sendingen – helst kaker – med seg, andre sende den, men antan

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8510

ein hadde sendt noko eller ikkje, fekk dei alle ein liten „smak" med seg heim i stummeplagget.

59. Nei

60. Nei. Men dei nærmaste held ei liti høgtid den dagen dei la den døde i kista og når dei sveipte liket.

61. Nei

62. Som før nemnd kann eg berre hugsa eit gravøl som varde i tvo dagar.

63. Ein har ikkje brukt rusdrykk det eg har høyrt eller kann minnast.

64. Rusdrykk og bryggjing er det slutt med for aldri so lenge sidan, men sending i form av kaker har halde seg meir og mindre til no.

65. For 20-25 år sidan vart det slutt med å gi mat fyre ein gjekk frå kyrkjegarden. Ein hadde berre middag og kaffi. Men i dei siste år får ein berre eit matmål etter at ein kjem frå kyrkjegarden. Det er kaffi, smørbrød og kaker.

66. Nei

67. Nei, oftast frå ledehuset.

68. Ein nyttar helst den gamle skikken at ei kvinne går rundt og bed, eller og bed ein gjennom telefonen. Skriftleg berre når den ein vil be bur langt borte.

69. Millom 1900 - 1908.

F. Nye fester.

70. Nei

71. Dei fleste. Truleg for 20-25 år sidan

72. Ein og annan

73. Nei

74. Sovel lekarane som avisene

75. Gjenom avisene.

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Rogaland
Torvastad

nr. 39

Tilleg til tidlegare brev om maten i gravferder.

Kona til Jon W. Haaland, Karolina f. 28/8 1863 d. oktbr 1953 var i mange, mange år kokke i dei fleste gravferder i Torvastad.

Dotteri fortel etter mori at i gamle dagar var det vanleg at alle gjestene fekk mat etterkvart som dei kom, og når alle var samla og presten kommen fekk alle mat påny[tt] – det var kaffi og brødmat båe gonger.

Dei som hadde god råd bruka fersk kjøtsod til middag, men hadde dei mindre god råd var det risgraut, og kanhende kjøttkaker attåt. Mjølki fekk dei av grannane, og det var vanleg at ungane kom med mjølki dagen i fyrevegen eller same morgonen. Ungane fekk då ei bolla eller ein korkakekkjar opp i handi.

Jon fortel og at han kunne hugsa på han var ung at det vart skjenkt vin fyre og etter at dei hadde vore på kyrkjegarden.

— . —

Morbror min, Endre L. Haaland, fødd 1833 – 25/9 – fortalde eingong at då han var liten gut (8–9 år) døydde ein yngre bror hans. På gravferdsdagen gjekk morbror fyre kista ut dørene med eit brennande ljos i kvar neve.

2,50

8510

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING